



KVINNHERAD
K O M M U N E



RETNINGSLINER

for større arrangement

Eit større arrangement i byggverk eller på område som normalt ikkje vert nytta til dette, gir auka risiko for brann. På grunn av dette vert det stilt krav til brannsikringstiltak. Arrangementet skal og meldast til brannvernet i god tid (*minimum 3 veker*), slik at det er tid til å verifisere opplysningar som er gjevne og evt. påleggja nødvendige brannverntiltak.

Kva er eit større arrangement?

- Meir enn 50 personar, dersom det er gitt skjenkeløyve.
- Meir enn 150 personar ved andre arrangement.

Kva bør meldinga til brannvernet innehalde?

- Kort utgreiing om arrangementet: Type arrangement, tal på gjester, målgruppe (aldersgruppe) og om det vert servert/nytt alkohol. Andre opplysningar vil kanskje vere naudsynt, avhengig av typen arrangement.
- Kven som er ansvarlege for arrangementet. (Inkludert tlf. til kontaktperson).
- Kven som eig bygningar/område.
- Oversikt over vakter: Kor mange, rutinar og ansvarsfordeling, øving og opplæring.
- Situasjonsplan (teikning) over område/telt etc. som viser avstand til omkringliggjande bygg, plassering av sløkkjestyr, tilgong på sløkkjevatt, rømmingsvegar og evt. innreiing. (For kart sjå td. www.fonnakart.no).
- Planteikning av telt/bygg som viser plassering av td. bord, bar, scene, rømmingsvegar og sløkkjestyr.
- Kor mange personar ein vil ha på området/i bygg eller telt (må stå i høve til areal og rømmingsvegar).
- Tal på rømmingsvegar og kor breie desse skal vere (må stå i høve til persontalet).
- Tilkomstvegar for uttrykingskjøretøy til og i området.
- Andre høve som kan ha innverknad på branntryggleiken.

Ut frå opplysningane som vert gjevne og evt. vidare samtalar og synfaring på staden, vil brannvernet vurdere om dei tryggleikstiltaka som arrangøren legg opp til er tilstrekkelege. Brannvernet kan, etter eiga vurdering, pålegga ytterlegare tryggleikstiltak.

På neste side finn du ei rettleiing der du får svar på vanlege spørsmål.

Forklaring på vanlege spørsmål og problem.

Kor langt må det vere frå telt og liknande til andre bygningar?

I utgangspunktet skal det vere 8 m mellom bygningar og frå telt/større scenar til bygningar. Ein kan ha kortare avstand dersom ein kan dokumentera at andre tiltak for å hindra brannspreiing vil vera like sikre.

Korleis kan eg vite kor mange personar eg kan ha i eit bygg eller på eit område?

Det er tre tilhøve som ligg til grunn for berekning av det maksimalt lovlege persontalet; arealet, talet på rømmingsvegar og breidda på rømmingsvegane.

Areal:

På område med faste sitjeplassar (*stolar eller stolar og bord*) bør det vere minst 1,4 m² pr. person. Dersom ein berre har ståplassar bør det vere minst 0,6 m² pr. person.

Skal du ha faste sitjeplassar i eit telt på 100 m² blir det altså:

$$\frac{100m^2}{1,4 m^2 \text{ pr. pers}} = \underline{\underline{71 \text{ personar}}}$$

Breidda på rømmingsvegar:

Ut frå forsamlingslokale og område skal dørar og portar i utgangspunktet vere minst 1,2 m breie, for å hindra oppsamling av folk.

Det bør vera minst 1 cm rømmingsbreidda pr. person. Har ein 250 personar på eit område skal den samla breidda av rømmingsvegane vere 2,5 m (250 cm).

Tal på rømmingsvegar:

Det skal i utgangspunktet vere to uavhengige rømmingsvegar. Dersom det er mindre enn 150 personar og utgongen er direkte ut i det fri kan ein ha *ein* rømmingsveg på 1,5 m (150 cm).

Dersom det er mellom 150 og 600 personar må ein ha minst *to* utgongar. Dersom det er meir enn 600 personar må ein ha *ein utgong pr. 300 personar*.

På eit område med 1000 personar skal ein altså ha:

$$\frac{1000 \text{ pers}}{300 \text{ pers pr. utgong}} = 3,33 \approx \underline{\underline{4 \text{ utgongar}}}$$

Legg merke til at me må runde av oppover, slik at 3,33 utgongar blir 4!

Den av desse tre berekningane som gjev det lågaste persontalet vil bli *avgrensande*. F.eks.: Har du areal nok til 500 personar, men berre 3 m dørbreidda til saman, blir det maksimalt tillate med 300 personar. Eventuelt må du lage breiare rømmingsvegar.

Rømmingsvegar skal merkast slik at dei er lett å finne også om straumen går. Rømmingsvegar skal merkast heile vegen. Dersom ein må gjennom fleire dørar før ein er ute, skal altså alle dørene merkast.


Rømmingsvegane skal vere ryddige og lett framkommelege. Dørrar i rømmingsveg skal kunna opnast raskt og enkelt (*med eit handgrep*) og utan nøkkel. Dørene skal slå utover i den retninga ein rømer, for å hindra at dei vert blokkerte i ein panikksituasjon.

Kva krav er det til opplæring av vakter?


Det er ingen fast "læreplan" for kva vakter skal ha opplæring i. Opplæringa vil variere sterkt etter type og størrelse på arrangementet. Opplæringa skal vere slik at vaktene vert sett i stand til å takle hendingar som td. brann på ein effektiv måte. Det er arrangøren som er ansvarleg for at opplæringa er god nok.

Nokre punkt som vil vere relevante for dei fleste arrangement er:

- Kvar rømmingsvegane er og kva oppgåver vaktene vil ha ved evakuering.
- Kvar det er sløkkjestyre, og korleis ein brukar utstyret.
- Ansvarsfordeling. Kven gjer kva ved brann (*varsling til 110, sløkking, evakuering*).
- Korleis informerer ein publikum ved brann? (*Der det ikkje er alarmanlegg må dette gjerast på anna måte. Evt. musikk må av og publikum må informerast om kva dei skal gjere*).
- Hugs at overstadig rusa personar utgjer ein ekstra fare ved brann. Serveringsreglar har og innverknad på branntryggleiken!
- Tenk over om det er andre moment som må takast med for ditt arrangement!



Eksempel på teikning over forsamlingslokale, som viser rømmingsvegar og brannsløkkjarar, med teiknforklaring.



Eksempel på situasjonsplan som viser rømmingsvegar, samlingsplass og vegar for utrykningskjøretøy utanfor lokalet.